



Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**/Avdeling for areal og  
transport**

Vår dato	28.04.2016
Deres dato	2016-03- 10T00:00:00
Vår referanse	16/04327-2
Deres referanse	201505619-6
Vår saksbehandler	Torbjørn Landmark

## Svar - Høring - Hylebu- og Borsæ kraftverk - Tokke kommune

Vi viser til oversending frå NVE dagsett 10.03.2016 der fylkeskommunen er førespurt om å gje fråsegn i samband med søknad om løyve til bygging av Borsæ og Hylebu kraftverk.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden skal òg vurderast etter «forskrift om konsekvensutredningar etter sektorlover».

Vi har følgjande vurderingar av tiltaket vurdert opp mot sektorlovgivinga og opp mot kjende allmenne interesser som tiltaket kan få følgjer for:

### **Omsyn til automatisk freda kulturminne**

Vi har ikkje opplysningar i arkiva våre om automatisk freda kulturminne innanfor tiltaksområdet. Fleire stader i Tokke ligg det kulturminner tilknytt jernvinneproduksjon i forhistorisk tid, eksempelvis kolgroper og slaggførekomstar. Desse kulturminna ligg ofte i tilknytning til vassdrag. Eksempelvis kan det nemnast at det ved både Borsæ og Hylebuhylen er registrert kulturminner i form av jernvinneanlegg og kolgroper frå yngre jernalder og middelalder. Kunnskapen vår om kulturminne i nærområdet og dessutan ei vurdering av landskap og terreng, tilseier at fleire slike kan vere bevarte. I medhald av kulturminnelova § 9 må vi difor utføre ei arkeologisk registrering før vi kan gje endeleg uttale til planen (jf. kulturminnelova §§ 3 og 8). Det er i første rekke visuell overflateregistrering og prøvestikk med spade etter ikkje-synlege automatisk freda kulturminne som er aktuelt. Du kan lese meir om metoden på: <http://www.telemark.no/Vaare-tjenester/Kulturminner/Arkeologi/Arkeologisk-feltarbeid>

Arkeologiske registreringar kan berre utførast på bar og frostfri mark. Den arkeologiske feltsesongen i eit normalår er frå midten av april til november.

Vi viser til kulturminnelova § 9 om undersøkingsplikta av offentlege og større private tiltak og til § 10 om at utgifter til særskilt gransking må dekkast av tiltakshavar. Timesatsen er frå 1.1.2016 kr 750,-. Sjå vedlagde budsjett for undersøkinga.

Dersom upårekna tilhøve medfører forlenkt registrering og dermed auka utgifter for tiltakshavar, vil vi varsla om dette. Vi tek òg atterhald om at timeprisen og prisen for datering av kolprøver kan endrast. *Dette er elles eit maksimumbudsjett. Midlar innanfor ramen som ikkje vert brukt, vert ikkje fakturert.*

Postadresse:	Besøksadresse:	Sentralbord	Foretaksregisteret: 940 192 226
Postboks 2844	Fylkesbakken 10	35 91 70 00	E-post: <a href="mailto:post@t-fk.no">post@t-fk.no</a>
3702 Skien	3715 SKIEN		<a href="http://www.telemark.no">www.telemark.no</a>



Registreringar med heimel i kulturminnelova § 9, og er ikkje å anse som einskildvedtak etter forvaltningslova. Det tyder at det ikkje kan klagast over kostnadsoverslaget, men planmyndigheit/tiltakshavar kan be Riksantikvaren vurdere om overslaget er rimeleg.

Vi føreset at tiltakshavar tek ansvar for følgjande:

- Det skal gjevast melding om at det vil bli gjennomført arkeologiske registreringar til grunneigarar, forpaktarar og andre som bur innanfor planområdet.
- Sende digital avgrensing av planområdet i .sos eller .shp format til oss før undersøkinga blir sett i gang. Eventuelle justeringar av planavgrensinga skal òg sendast.
- Fri tilgjenge til planområde, t.d. å skaffe nøklar til bommar og informere om ikkje kartfesta veger.
- Informere om eventuelle jaktlag i området.
- Dyr på beite må haldast utanfor registreringsområdet.
- Skaffe til veie og koste transport med båt til undersøkelsesområdet ved Borsæ.

*Før registreringa kan settes i gang, må aksept på kostnadsoverslag og vilkår sendes til Telemark fylkeskommune, Postboks 2844, 3702 Skien eller på e-post til [knut.fossdal.eskeland@t-fk.no](mailto:knut.fossdal.eskeland@t-fk.no). Vi ber om skriftleg aksept i god tid før undersøkingane er ønskt gjennomført, og at den blir merka med vårt saksnummer og namn og adresse på fakturamottakar. Det må reknast ventetid for å få gjennomført arkeologisk feltarbeid.*

### **Omsyn til friluftsjnteresser**

Vi ser ikkje at tiltaka, isolert sett, vil komme i vesentleg konflikt friluftsjnteressene. Noko terrenginngrep og tilrettelegging må ein rekna med, men ikkje av ein slik karakter at det fører til store ulemper for natur/friluftslivskvalitetar. Det er ikkje registrert at områda har spesielle kvalitetar mtp. friluftsliv, eller at det er statleg sikra friluftsområde som vert rørde ([www.naturbase.no](http://www.naturbase.no)). Likevel må ein rekne med at natur og friluftslivskvalitetar vil bli noe redusert som følge av tiltaka. Ein ser det difor som viktig at terrenginngrep vert gjort så skånsamt som mogleg, og at ein tilrettelegg for fortsatt ferdsel og friluftsliv etter anleggsperioden.

Regulering av vassdrag vil kunna påverka fisk og andre vassorganismar negativt. Ein ser det difor som viktig å sikra minstevassføring, ikkje minst for å sikra leveområda til fisk og andre vannlevande organismar.

Området Borsæ ligg innanfor omsynssone nasjonalt villreinområde (Heiplanen). Det heiter her at ein m.a skal leggja spesiell vekt på å unngå verksemd, aktivitet og forstyrning i vinterbeiteområde, kalvingsområder og viktige trekkområde og dessutan fokusområda i dei aktuelle årstider/periodar. Det skal heller ikkje tillatast byggjeverksemd som reduserer villreinen sin bruk av desse områda. Vi forventar at søkar gjer seg kjend med respektive krav og retningslinjer. Vi rår derfor til at ein i det vidare arbeidet tar spesielt omsyn til villreininteresser, fisk og andre vasslevande organismar, viltinteresser, naturmiljø-, friluftslivs- og opplevingsinteressene i handsaminga av søknaden.

Hylebu ligg innanfor Heiplanen si omsynssone *bygdeutvikling*. Interessene til villreinen vert rekna som avklart i denne sona ved at Heiplanen sine intensjonar og mål vert gjennomført. Gjeldande planstatus er styrande for vidare utvikling inntil nye planar finst, og dette er utviklingssona der nye større tiltak primært skal bli kanalisert. Her vert òg prioritert planar og tiltak som fremjar ein berekraftig bygdeutvikling. Tilrettelegging for friluftsliv, idrett mm skal skje i samsvar med kommunale stig- og løypeplanar.

Postadresse:	Besøksadresse:	Sentralbord	Foretaksregisteret: 940 192 226
Postboks 2844	Fylkesbakken 10	35 91 70 00	E-post: <a href="mailto:post@t-fk.no">post@t-fk.no</a>
3702 Skien	3715 SKIEN		<a href="http://www.telemark.no">www.telemark.no</a>



**TELEMARK**  
fylkeskommune

Med helsing

Torbjørn Landmark  
rådgiver  
torbjorn.landmark@t-fk.no  
+47 35 91 73 22

*Dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur.*

Postadresse:  
Postboks 2844  
3702 Skien

Besøksadresse:  
Fylkesbakken 10  
3715 SKIEN

Sentralbord  
35 91 70 00

Foretaksregisteret: 940 192 226  
E-post: [post@t-fk.no](mailto:post@t-fk.no)  
[www.telemark.no](http://www.telemark.no)



**/Avdeling for areal og  
transport**

Vår dato 28.04.2016

Vår referanse 16/04327-2

Mottaker	Kontaktperson	Adresse	Post
Norges vassdrags- og energidirektorat		Postboks 5091, Majorstuen	0301 OSLO

Kopimottaker	Kontaktperson	Adresse	Post
Fylkesmannen i Telemark		Postboks 2603	3702 SKIEN
Tokke kommune		Storvegen 60	3880 DALEN

Postadresse:  
Postboks 2844  
3702 Skien

Besøksadresse:  
Fylkesbakken 10  
3715 SKIEN

Sentralbord  
35 91 70 00

Foretaksregisteret: 940 192 226  
E-post: [post@t-fk.no](mailto:post@t-fk.no)  
[www.telemark.no](http://www.telemark.no)

# Budsjett arkeologisk registrering

Telemark fylkeskommune					
Saksnr.	16/04327	Saksbeh.:	Knut Fossdal Eskeland		
			Dato:	15.03.2016	
Sted/ gård, kommune	Hylebu- og Borsæ kraftverk, Tokke kommune				
Tiltakshaver	Skafså Kraftverk ANS				
Adresse	Åmdals Verk, 3880 Dalen				
<b>TIMEKOSTNADER</b>					
	timer		à kr		sum
Forarbeid	4		kr 750	kr	3 000
Feltarbeid u/overnatting			kr 750	kr	-
Feltarbeid m/overnatting	51,5		kr 1 000	kr	51 500
Etterarbeid	15		kr 750	kr	11 250
<b>Sum timekostnader</b>	<b>70,5</b>			<b>kr</b>	<b>65 750</b>
<b>REISEUTGIFTER</b>					
Reiseutlegg	drivstoff (12.5,- pr 10km, totalt ca. 350 km)			kr	438
Leiebil el. tilsvarende	Leasingbil 5 dager (720 pr. dag)			kr	3 600
<b>Sum reiseutgifter</b>				<b>kr</b>	<b>4 038</b>
<b>KJØP AV TJENESTER</b>					
	timer, à kr				
Gravemaskin arbeid				kr	-
Gravemaskin transport				kr	-
Annet teknisk utstyr					
<i>Delsum</i>				<i>kr</i>	<i>-</i>
Naturvitenskapliege analyser	antall à kr				
14C	2	kr 5 000,00		kr	10 000
annet					
<i>Delsum naturvitenskap</i>				<i>kr</i>	<i>10 000</i>
Andre konsulenttjenster					
<b>Sum kjøp av tjenester</b>				<b>kr</b>	<b>10 000</b>
Håndtering av funn, prøver og dokumentasjonsmateriale (inntil 10 % av lønnskostnader)					
Kulturhistorisk museum			10 %	kr	6 575
<b>SUM BUDSJETT (maksimum)</b>				<b>kr</b>	<b>86 363</b>